

Referat frå møte i Trafikksikringsutvalet

Tid: Torsdag 19. april, kl. 10:00 – 11:30

Stad: Formannskapssalen, Midtgard

Til stades: Anne Lise Marstein (ALM), Terje Hoel (TH), Roger Haugen (RH) og Trine Solberg Johansen (TSJ).

Ikkje møtt: Herdis Kvamme Repp og Bjørn Bakke.

Møteleiar: Fungerande ordførar Anne Lise Marstein

Møteagenda:

- Referat frå førre møte
- Trafikksikker kommune
- Brubakken
- Eventuelt

Nr	Sak	Ansvarleg
1	Referat frå førre møte vart gjennomgått og godkjent.	ALM
2	<u>Trafikksikker kommune</u> Kommunen har ikkje motteke nokon formell attendemelding på at Lom kommune no er trafikksikker, men heile beløpet på 100 000 kr er utbetalt.	TSJ
3	<u>Brubakken</u> Detaljreguleringsplan for Brubakken vart vedteken i kommunestyremøte 12.april 2018. Det vart orientert om vidare prosess for anleggsverksemd, og vist fram fersk og førebels skiltplan over området. Det må klargjerast kva slags skilting som skal på plass i skuleområdet for å hindre feil bruk til gjennomfart. I januar vart det søkt om tilskot frå FTU til trafiktryggleikstiltak i Brubakken. Lom kommune fekk tilsagn på 575 000 kr, dersom krav for tildeling vert innfridd. Kommunen har takka ja til dette, og må m.a. rapportere inn framdrift i september. Statens vegvesen har i desse tider oppstart av gang- og sykkelvegen frå Rv.15 til Andvordsjordet. Denne utbetringa inneber ikkje oppgradering av gateljosanlegget på strekninga, og dette må difor inn som eit punkt i handlingsplanen i trafikksikringsplanen ved rullering. Det er ynskjeleg med ein samanhengande belysning frå Brubakken som får nytt ljosanlegg.	TH/TSJ TH/TSJ TH/TSJ
4	<u>Eventuelt</u> Under kommunestyremøtet 12.april 2018, vart det etterlyst belysning mellom undergangen ved Rv. 15 og forbi Prestgarden. Dette ligg inne i handlingsplanen for oppgradering av det kommunale ljosnettet. Det var også etterlyst merking/skilting ved biblioteket kor det sleppast av skuleborn. Vidareformidlast. Det bør utarbeidast ein ny skiltplan og vurderast merking på Fosstugguområdet for å hindre trafikkaos i sommar.	LMP KF ÅÅ

Spørsmål om vurdering av sikkerhet personell er ivaretatt og om krav til kurs for personell som arbeider ved eller i offentlig veg.

KF/ÅA

Politiet har sendt innspel til Statens vegvesen om at det er glatt i Bybergstunnellen, av uvisse årsaker. Det er også sendt innspel om at det er uheldig beredskapsmessig å sperre alternative veger i kommunen ved uforutsette hendinger som ras, slik det vart gjort når det var snøras ved Bybergstunnellen. I tillegg til at Rv.15 var stengt, vart også Solsidevegen stengt for trafikk.

Neste utvalsmøte kan haldast i august/september. Det bør da sjåast på m.a. handlingsplanen i trafikksikringsplanen.

Sendast til:

Utvalsmedlemmer

Trygg Trafikk

Leif Morten Plassen (LMP)

Kåre Frydenlund (KF)

Åshild Amundsen (ÅA)